Forskrift om studiar ved Universitetet i Bergen

Kapittel 1. Føremål og verkeområde

§ 1-1 Føremål
(1) Studia ved universitetet i Bergen skal
a) vere forskingsbaserte og legge til rette for studentaktiv læring
b) ha møteplassar mellom studentar og fagleg tilsette, og sørge for at studentane blir integrerte i fagmiljøa
c) gi opplæring i akademisk redelegheit, ytringsfridom og fagkritikk
d) gi den digitale kompetansen som er relevant for fagområdet, og
e) gi eit godt grunnlag for læring heile livet.

(2) Eit klårt og tilgjengeleg regelverk er viktig for at studentane skal verte kjend med dei rettar og pliktar ein har som student ved universitetet, og for å sikre lik praksis på dei ulike fakulteta.

(3) Universitetet i Bergen ønsker å legge til rette for lærings-, undervisings- og vurderingsformer som fremjar betre læring.

§ 1-2 Verkeområde
(1) Forskrifta fastset hovudreglane for studiar ved Universitetet i Bergen, innanfor rammene av universitets- og høgskulelova og sentrale forskrifter frå departementet. Utfyllande reglar er fastsette av dei einskilde fakulteta.

(2) Forskrifta gjeld for alle studiar ved Universitetet i Bergen med unntak for forskarutdanninga og kursverksemd.

§ 1-3 Delegasjon
Organa som har avgjerslemyndigheit etter denne forskrifta, har høve til å delegere myndigheita vidare til underordna organ så lenge det ikkje er presisert at avgjersla må treffast av organet sjølv.

Kapittel 2. Organisering av studia

§ 2-1. Organisering
(1) Studia er organiserte i studieprogram og emne.

(2) Program- og emneskildringar skal vere i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket som er fastsett av departementet, med studietilsynsforskrifta og med reglar og retningslinjer frå universitetet.

§ 2-2 Studieprogram
(1) Eit studieprogram er ei samling emne som inngår i ein heilskap med eit definert læringsutbyte. Studieprogram som ikkje er årsstudium, skal føre til ei grad.

(2) Kvart studieprogram skal ha ein studieplan som inneheld:
a) namnet på studieprogrammet og eventuelle studieretningar
b) talet studiepoeng

c) opptakskrav
d) kva for kunnskap, ferdigheiter og kompetanse studentane skal tileigne seg (læringsutbyteskildring)
e) kva for emne som er obligatoriske og valfrie, med emneskildringar, og
f) eventuelle reglar om rekkefølge.

§ 2-3 Emne
(1) Eit emne er den grunnleggande studieeininga.

(2) Kvart emne skal ha ei emneskildring som inneheld
a) namnet til emnet
b) talet på studiepoeng
c) eventuelle forkunnskapskrav
d) kva for kunnskap, ferdigheiter og kompetanse studenten skal tileigne seg (læringsutbyteskildring)
e) undervisingsformer, -omfang og -språk
f) obligatorisk oppmøte og obligatoriske aktivitetar
g) eksamensform og vurderingsuttrykk, og
h) andre særskilde reglar for emnet dersom dei finst, til dømes undervisingsopptak.

(3) Talet studiepoeng for eit emne skal vere deleleg med fem. Dette gjeld ikkje for integrerte masterprogram eller for profesjonsstudia. Også i andre tilfelle kan det gjerast unntak dersom faglege grunnar talar for det, og korkje omsynet til studentane sin valfridom eller ønske om tverrfaglege studiar gjer det utilrådeleg.

(4) Eitt studiepoeng utgjer 1/60 av eit heilt studieår og inneber om lag 25-30 arbeidstimar for studentane.

Kapittel 3. Oppretting mv. av studieprogram, studieretningar og emne

§ 3-1 Oppretting, nedlegging og endring
(1) Universitetsstyret opprettar og legger ned studieprogram.

(2) Fakultetet opprettar og legger ned
a) årsstudium
b) studieretningar
c) emne

(3) Vesentlege endringar i eit eller fleire studieprogram ved eit fakultet må bli godkjent av universitetsstyret. Endringar som i realiteten inneber oppretting eller nedlegging av eit heilt fagområde blir alltid rekna som vesentlege.

(4) Fakultetet vedtar andre endringar i studieprogramma, studieretningane og emna.

(5) Vedtak etter andre og fjerde avsnitt skal rapporterast til universitetsdirektøren.

(6) Organet som legg ned eit studieprogram, ein studieretning eller eit emne skal vedta ei overgangsordning for undervisning og eksamen.

(7) Styret og fakultetet har ikkje høve til å delegere myndigheita etter denne føresegna. Mindre endringar i eksisterande studieprogram, studieretningar og emne kan likevel delegerast til organet som er ansvarleg for programmet (programstyret).

§ 3-2 Emnekodar
(1) Alle emne skal ha ein tresifra kode, etter følgjande system:

a) 100-emner er begynnaremne
b) 200-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på bachelornivå
c) 300-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på masternivå
d) 900-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på forskarnivå
e) 600-emne er vidareutdanningsemne

(2) Examen philosophicum, innføringsemne, norskkurs og emne på odontologi-, tannpleie- og medisinstudiet kan fråvike frå første avsnitt.

(3) Emnekodane samsvarer med syklusane i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, men slik at både 100-emne og 200-emne høyrer til første syklus (bachelornivå).

§ 3-3 Fellesgrader og felles studieprogram
(1) Eit felles studieprogram er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og ein eller fleire andre institusjonar, der alle institusjonane bidrar til programmet, men berre éin av dei tildeler graden.

(2) Ein fellesgrad er eit felles studieprogram der graden blir tildelt i fellesskap av dei deltakande institusjonane.

(3) Universitetsstyret opprettar sjølv fellesgrader og felles studieprogram.

Kapittel 4. Studierett

§ 4-1 Opptak
(1) Fakultetet har ansvaret for opptaket. Ansvaret kan delegerast til Studieavdelinga og Samordna opptak. Opptaket er regulert i Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen.

§ 4-2 Studierett
(1) Studentar som er tatt opp ved Universitetet i Bergen har studierett på det studieprogram og dei emne som opptaket gjeld. Dette gir rett til

a) å melde seg til undervising og følge henne, få rettleiing mv., i samsvar med emneskildringa og studieplanen.
b) å nytte andre ressursar, i samsvar med emneskildringa og studieplanen.
c) tilgang til lokalar, lesesalar mv., i samsvar med fakulteta sine reglement
d) eksamen i samsvar med kapittel 7, og
e) individuell utdanningsplan, jf. § 4-6.

(2) Eittårige studierettar som ikkje er knytt til eit studieprogram gir studenten rett til å undervisings- og eksamensmelde seg til utvalde emne innanfor eitt eller fleire fagområde.

§ 4-3 Forventningane og pliktane til studenten

(1) Studenten er forventa å
a) delta i undervisinga
b) aktivt medverke i sin eigen studiekvardag og den akademiske fellesskapen
c) setje seg inn universitetet sine reglar og retningslinjer
d) følge med på program- og emnesidene på MittUiB, og motta og lese epostar frå universitetet, og
e) medverke i student- og universitetsdemokratiet.

(2) Studenten pliktar å:
a) delta i eventuelt obligatorisk studiestartsmøte
b) semesterregistrere seg
c) betale eventuell studieavgift, og
d) opprette, og kvart semester oppdatere og stadfeste utdanningsplanen.

(3) Studenten må stille med berbar datamaskin til bruk i undervising og eksamen.

(4) Fakultetet kan vedta utfyllande reglar om betaling av semesteravgift for studentar på vidareutdanning.

§ 4-4 Semesteravgift
(1) Alle skal betale semesteravgift i dei semestera dei er eksamensmelde. Det same gjeld studentar som eit semester er undervisingsmelde til emne på 15 studiepoeng eller meir, sjølv om dei ikkje er eksamensmelde.

(2) Første avsnitt gjeld ikkje for
a) innvekslingsstudentar som etter avtale er fritatt frå semesteravgifta.
b) tilsette som tar emne med nær tilknyting til stillinga, inkludert pedagogisk opplæring.
c) studentar som tar vidareutdanning, dersom fritak frå semesteravgift går fram av emneskildringa eller anna regelverk.

(3) Studentar som er undervisingsmelde til emne på mindre enn 15 studiepoeng kan velje om dei vil betale semesteravgift.

(4) Studentar i permisjon kan velje om dei vil betale semesteravgift. Eksamensmelde studentar må betale semesteravgift sjølv om dei har permisjon.

§ 4-5 Tap av studierett
(1) Fakultetet kan trekke tilbake studieretten dersom studenten:
a) ikkje oppfyller krava etter § 4-3 (2) eller § 4-4
b) gir melding om at hen ønsker å avslutte studiet
c) får opptak til eit anna studieprogram ved UiB, og det ikkje er faglege grunnar til at fleire studierettar finst parallelt
d) ikkje består noko studiepoenggivande emne i to semester på rad
e) på slutten av studieåret har eit etterslep på meir enn halvparten av normert progresjon for studieprogrammet
f) har gjort maksimalt tal eksamensforsøk i obligatoriske emne utan teljande resultat, eller
g) har fullført studieprogrammet eller emnet som opptaket gjeld.

(2) Vedtak etter bokstavane d og e i første avsnitt skal ta omsyn til innvilga permisjonar, gyldig fråvær til eksamen eller obligatoriske aktivitetar, og vedtak om utestenging. Fakultetet

kan alltid trekke tilbake studieretten for studentar som ikkje har produsert studiepoeng dei siste seks semestera, med mindre studenten har hatt lovfastsett permisjon i heile perioden.

(3) Den sentrale klagenemnda kan vedta utestenging og dermed midlertidig tap av studieretten, jf. universitets- og høgskulelova §§ 4-7 (1) og (2) og 4-8 (3).

§ 4-6 Utdanningsplan
(1) Alle som er tatt opp til eit studieprogram på 60 studiepoeng eller meir skal ha ein utdanningsplan. Andre studentar skal ha ein forenkla utdanningsplan dersom fakultetet fastset dette i utfyllande reglar.

(2) Utdanningsplanen er ein avtale mellom studenten og Universitetet i Bergen som regulerer rettar og plikter andsynes kvarandre. Utdanningsplanen fastset studieløpet fram til studieprogrammet er fullført.

(3) Utdanningsplanen skal innehalde:
a) namnet på studieprogrammet
b) kva for emne studenten tar sikte på å fullføre; tidspunkt, rekkefølge, orientering om framgangsmåte ved endring av utdanningsplanen og val av ikkje-obligatoriske emne
c) tidlegare utdanning som skal inngå i graden
d) planlagt eventuell utveksling
e) tilvisingar til regelverk som studenten pliktar å kjenne til og følgje, inkludert denne forskrifta, fakultetet sine reglar, sørviserklæringar, og studieplanen, og
f) orientering om verknaden av manglande oppfølging av utdanningsplanen, jf. § 4-5.

(4) Fakultetet skal innan 1. mars kontakte alle studentar som ved utgangen av haustsemesteret har eit etterslep på 30 studiepoeng eller meir, og varsle om at utdanningsplanen må oppdaterast. Fakultetet og studenten skal i fellesskap avgjere kva for endringar som må gjerast.

Kapittel 5. Tilpassing av studia og fråvær

§ 5-1 Søknad
(1) Fakultetet handsamar søknader om
a) permisjon
b) deltidsstudium
c) utsett studiestart
d) andre endringar i studieprogresjonen jamført med utdanningsplanen
e) tilrettelegging av studia, og
f) gyldig fråvær.

(2) Fakultetet kan vedta utfyllande reglar om sakshandsaminga, fagleg grunngitt opplegg for deltidsstudium, og eigne reglar for vidareutdanning.

(3) Sakshandsaming etter første avsnitt som gjeld fråvær frå, og tilrettelegging av, saleksamen kan delegerast til Studieavdelinga. Det same gjeld søknader om utsett studiestart.

§ 5-2 Permisjon
(1) Permisjon inneber at den ytre ramme for studieretten blir utvida i tid, medan studieretten

blir haldt ved like. Etter permisjon har studenten rett til å ta opp att studia der hen slapp, så langt det gjer seg gjere. Utdanningsplanen skal oppdaterast for å ta høgde for permisjonen.

(2) Studentar på bachelorprogram og integrerte masterprogram har rett til permisjon utan grunngiving, éin gong. Permisjonen kan vere på eitt eller to semester. Ein kan ikkje få permisjon i første semester av eit studieprogram. Fakultetet kan i utfyllande reglar vedta at inntil 40 studiepoeng må vere oppnådde før studenten har rett på permisjon.

(3) Fakultetet kan gi ytterlegare permisjonar. Permisjon bør innvilgast dersom det finst viktige velferdsgrunnar for det, om ikkje faglege omsyn eller omsynet til studentar på lågare kull er til hinder for det.

(4) Studenten kan søke om permisjon for eitt eller to semester om gongen.

(5) Søknad om permisjon må leverast før utløpet av fristen for semesterregistrering.

(6) Retten til permisjon utan grunngiving gjeld ikkje for studentar på bachelorprogram i utøvande og skapande kunst, musikk og design.

§ 5-3 Særlege tilhøve som gir rett til permisjon

(1) Studentar har rett til permisjon

a) i høve svangerskap, fødsel og omsorg til barn i samsvar med universitets- og høgskulelova § 4-5
b) ved sjukdom som ikkje gjer det mogeleg å halde fram studiane
c) dersom sambuar mv. eller barn er alvorleg sjuke.
d) i høve utføring av tenesteplikt etter forsvarslova § 17.
e) i høve verv i studentpolitiske organ.

(2) Permisjon etter første avsnitt påverkar ikkje retten til permisjon etter § 5-2 (2).

(3) Krav om permisjon etter første avsnitt må meldast til fakultetet så snart råd, og skal dokumenterast på høveleg måte. For permisjonssøknader etter første avsnitt bokstav a til c inneber dokumentasjonsplikta fråsegn frå helsepersonell.

§ 5-4 Andre tilpassingar av studia

(1) Tilhøva nemnd i § 5-3 (1) eller andre viktige velferdsgrunnar kan vere grunnlag også for andre individuelle tilpassingar av studia, som deltidsstudium, utsett studiestart og utsett levering av masterprosjekt.

(2) Fakultetet kan også vedta andre tiltak for å fremje trivselen eller betre læringsmiljøet til studentane.

§ 5-5 Tilrettelegging av undervising og eksamen

(1) Studentar med funksjonsnedsetjing eller andre særskilte behov har rett til eigna individuell tilrettelegging av lærestad, undervising, læremidlar og eksamen i samsvar med universitets- og høgskulelova § 4-3 (5).

(2) Føremålet med tilretteleggingstiltak er at studenten anten får same høve som andre til å gjennomføre studia, eller blir sikra lik vurdering av eksamen. Universitetet skal gjennom dialog og rettleiing forsøke å finne eigna tiltak.

(3) Universitetet skal ikkje innvilge tilretteleggingstiltak som inneber reduksjon av faglege krav.

(4) Universitetet skal ikkje avslå eit tiltak av økonomiske eller administrative omsyn, med mindre det aktuelle tiltaket inneber ein uforholdsmessig byrde for fakultetet.

(5) Ein student som krev tilrettelegging av undervising eller eksamen må søke fakultetet så tidleg som råd. Behovet skal dokumenterast på høveleg måte, og dette inneber som hovudregel fråsegn frå helsepersonell eller annan ekspertise.

§ 5-6 Gyldig fråvær
(1) Fråvær som skuldast desse forholda er gyldig:

a) eigen sjukdom som gjer gjennomføringa av undervising eller eksamen umogleg eller urimeleg å krevje
b) sjukdom hjå barn som studenten har omsorg for, innanfor dei avgrensingane som følger av arbeidsmiljøloven § 12-9.
c) dødsfall i nær familie eller hjå andre studenten har eit nært forhold til, for ein periode på inntil to veker frå dødsfallet
d) gravferd ol. til personar i nær familie eller som studenten har eit nært forhold til
e) lovpålagt oppmøte annan stad
f) andre forhold som gjer det heilt urimeleg å krevje at studenten møter.

(2) Grunnlag for gyldig fråvær må dokumenterast på høveleg måte. Sjukdom ol. skal dokumenterast av lege eller anna helsepersonell. Dokumentasjonen skal gjere greie for sjukdomen, kva dagar som er vurderte, og korleis forholdet gjorde gjennomføringa av undervising eller eksamen umogleg eller urimeleg å vente.

(3) Dokumentasjon for gyldig fråvær skal leverast så snart som råd, og seinast ei veke etter at den obligatoriske undervisingsaktiviteten eller eksamenen vart avslutta.

§ 5-7 Rettar ved gyldig fråvær
(1) Studentar med gyldig fråvær frå obligatorisk undervisingsaktivitet har rett til ny gjennomføring før avsluttande eksamen i emnet dersom det er praktisk mogleg og ikkje inneber ein uforholdsmessig byrde for fakultetet.

(2) Studentar med gyldig fråvær frå eksamen har rett til ny eksamen (kontinuasjonseksamen). Fakultetet fastsett nærare regler om kontinuasjonseksamen i utfyllande reglar. Som hovudregel skal kontinuasjonseksamen gjennomførast så tidleg som råd det påfølgande semesteret, men fakultetet kan gjere unntak frå dette for einskilde studieprogram dersom omsynet til studentanes samla progresjon tilseier eit anna tidspunkt, t.d. i august månad, før byrjinga av neste studieår. For studentar der fråvær frå obligatoriske undervisningsaktivitetar avskjer retten til kontinuasjonseksamen gjeld avsnitt (1) ovanfor tilsvarande.

(3) Gyldig fråvær til eksamen tel ikkje som forsøk, jf. § 8-2.

Kapittel 6. Undervisinga

§ 6-1 Studieåret
(1) Studieåret er på ti månader og delt inn i eit haust- og vårsemester. Haustsemesteret

varer frå veke 33 til og med 51; vårsemesteret varer frå veke 1 til og med 24.

(2) Undervising og eksamen i eit emne skal gjennomførast innanfor det semesteret det høyrer til. Fakultetet kan gjere unntak i studieplanar for studieprogram som er organiserte som bolkar.

(3) Det er undervisings- og eksamensfri
a) mellom 24. desember og 1. januar
b) på heilagdagar.

(4) Det er undervisings- og eksamensfri mellom semestera, med mindre faglege omsyn talar for det motsette. Undervising og eksamen i samband med forkurs som kvalifiserer for studieprogram; sommarskule; praksis; og etter- og vidareutdanning kan bli gjennomført mellom semestera. Det same gjeld kontinuasjonseksamenar etter § 5-7 (2).

(5) Timeplanar for emna skal publiserast på universitetet sine nettsider innan 1. juli for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

(6) Litteraturlister skal publiserast på universitetet sine nettsider innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

§ 6-2 Generelt om undervisinga
(1) Undervisinga ved Universitetet skal vere forskingsbasert. Ho skal vere eigna for at studentane tileignar seg det forventa læringsutbytet.

(2) Undervisinga kan avlysast i emne med for få studentar. Fakultetet skal sjå til at slik avlysing ikkje verkar inn på høvet til å fullføre studieprogrammet på normert tid.

§ 6-3 Undervisingsstad
(1) Undervisinga skal anten gå føre i universitetet sine lokalar, sjukehusa og andre tilknytte institusjonar, forskingsstasjonar og forskingsfartøy, eller på universitetet sine digitale læringsplattformer.

(2) Fakultetet kan vedta unntak frå første avsnitt i emneskildringa eller i studieplanen dersom unntaket er fagleg grunngitt. Praksis blir gjennomført på praksisstaden.

§ 6-4 Undervisingsspråk
Undervisinga på obligatoriske emne på eit bachelorprogram skal som hovudregel vere på norsk. Unntak krev særskild fagleg grunngiving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.

§ 6-5 Tilgang til undervising
(1) Undervisinga på Universitetet i Bergen er i utgangspunktet offentleg.

(2) Undervisningslokala og sjølve undervisinga skal vere universelt utforma, jf. likestillings- og diskrimineringsloven §§ 17 og 18. Universell utforming av undervisninga skal ikkje innebere reduksjon av faglege krav, sjå § 5-5 om tilrettelegging som gjeld tilsvarande så langt han passar.

(3) Høvet til å følge undervisinga i eit emne kan avgrensast heilt eller delvis til studentar som er tatt opp på eit studieprogram eller eit einskild emne, dersom det er naudsynt på grunn av

undervisinga sin art, eller det er fastsett studieavgift for emnet.

(4) Fakultetet kan setje tak på talet på studentar på eit emne dersom faglege, pedagogiske eller organisatoriske grunnar tilseier det. Slike avgrensingar skal gå fram i emneskildringa. Fakultetet vedtar utfyllande reglar om rangering av studentar.

(5) Fakultetet kan vedta andre avgrensingar av tilgangen til undervising for studentar som
a) tidlegare har følgt undervisinga og er innanfor perioden skildra i § 6-6 (3), eller
b) har teljande resultat i emnet.

§ 6-6 Obligatorisk undervisingsaktivitet
(1) Obligatoriske undervisingsaktivitetar er alle dei aktivitetane som i emneskildringa er sett som vilkår for eksamen.

(2) Obligatoriske aktivitetar verkar ikkje inn på vurderinga i emnet, men må bli godkjente for at studenten har høve til å ta eksamen, jf. § 7-3 (1).

(3) Godkjente obligatoriske aktivitetar er gyldige i to semester, med mindre emneskildringa definerer ein annan periode. Fakultetet kan i emneskildringa fastsetje at fleire obligatoriske aktivitetar skal vurderast som ein heilskap, slik at dei alle må vere godkjente for å vere gyldige etter denne føresegna.

Kapittel 7. Eksamen

§ 7-1 Føremål
(1) «Eksamen» er eit koplingsord til all prøving som verkar inn på karakteren i emnet, inkludert innleveringar og mappevurderingar. Namnet legg ingen føringar for pedagogisk eller fagleg innretning.

(2) Føremålet med eksamen er dels å gi studentar tilbakemelding som fremjar læring og dels å etterprøve den kunnskapen, dei ferdigheitene og den kompetansen studentane skal ha tileigna seg i løpet av emnet.

§ 7-2 Form
(1) Fakultetet fastset i emneskildringa kva for eksamensform som er best eigna i eit emne.

(2) Eksamen kan vere éin del, eller vere oppbygd av fleire delar (deleksamen). I sistnemnde tilfelle skal delane vere vekta etter ein på førehand fastsett brøk.

(3) Mappevurdering er samansett av fleire arbeid. Sensuren kan gjerast på grunnlag av heile mappa eller utvalde arbeid i henne. Emneskildringa skal fastsetje korleis eit eventuelt utval av arbeida skal gjerast.

(4) Alle eksamensarbeid kan supplerast med ein justerande munnleg eller praktisk eksamen for alle eller eit utval av studentane. Justerande eksamen inneber at studenten blir prøvd etter at ein førebels karakter er satt, med høve til å bli justert opp eller ned med éin karakter.

(5) Ei mappevurdering har ikkje teljande resultat om ikkje alle arbeida er leverte. Det same gjeld for delane i ein deleksamen. Fakultetet kan vedta utfyllande reglar som gir unntak frå dette, til dømes ved gyldig fråvær knytt til ein del eller eit arbeid.

§ 7-3 Rett til eksamen
(1) Studenten har rett til eksamen i emne hen har meldt seg til, dersom hen har etterlevd pliktene i § 4-3 (2), og har fått godkjent alle obligatoriske undervisingsaktivitetar.

(2) Fakulteta kan vedta utfyllande reglar om tvungen eksamensmelding i emne som etter utdanningsplanen skal fullførast på eit bestemt tidspunkt. Det same gjeld studentar på vidareutdanningsemne.

(3) Ein kvar har rett til eksamen som privatist i eit emne utan obligatoriske undervisingsaktivitetar og utan studieavgift, så lenge vedkomande oppfyller opptakskrava.

(4) Studentane sine rettar og pliktar i dette kapittelet gjeld tilsvarande for privatistar der dei passar. Fakulteta vedtar avgift for privatistar.

§ 7-4 Gjennomføring av eksamen
(1) Så langt reglane høver med eksamensforma pliktar studentane å
a) ikkje forstyrre andre og å rette seg etter meldingar frå eksamensvaktene
b) ikkje forlate lokalet i løpet av den første timen
c) legitimere seg på høveleg måte
d) plassere eigedelar på tilvist stad
e) å ikkje ha tilgang til anna enn lovlege hjelpemiddel
f) overhalde eventuelle ordgrenser, og
g) levere eksamensløysinga i tide.

(2) Fakultetet sjølv kan vedta utfyllande reglar for gjennomføringa av eksamen («eksamensreglement»).

(3) Studentane skal få tid til å ordne tekniske aspekt ved leveringa på alle digitale eksamenar («teknisk tid»), til dømes opplasting av dokument.

(4) Studentane skal informerast om eksamensreglementa, og desse skal også vere lett tilgjengelege.

§ 7-5 Munnleg og praktisk eksamen
(1) Munnleg eller praktisk eksamen skal vere anten ein sjølvstendig eksamen, ein sjølvstendig del av ein deleksamen, eller justerande eksamen.

(2) Munnleg eller praktisk eksamen skal vere offentleg. Fakultetet kan gjere unntak av omsyn til gjennomføringa eller etter ønske frå studenten. I sistnemnde tilfelle gjeld § 5-4 tilsvarande.

§ 7-6 Individuell eksamen eller gruppeeksamen
(1) Eksamen kan vere individuell eller i form av eit gruppearbeid. Ved gruppearbeid er utgangspunktet at sensuren er felles for studentane i gruppa.

(2) Fakultetet kan i emneskildringa fastsetje individuell vurdering av gruppearbeid.

§ 7-7 Språk
(1) Eksamensoppgåva skal givast på undervisingsspråket. Dersom oppgåva blir gitt på norsk, skal ho ligge føre både på nynorsk og bokmål.

(2) Eksamensløysinga skal leverast på same språk som eksamensoppgåva.

(3) Dersom eksamensoppgåva er gitt på norsk, kan løysinga alternativt leverast på svensk og dansk.

(4) Fakultetet kan i emneskildringa vedta at heile eller delar av ei eksamensløysing må leverast på eit bestemt språk. Fråvik frå første og andre avsnitt krev særskild fagleg grunngiving og må vere i tråd med universitetet sine språkpolitiske retningslinjer.

(5) Føresegna gjeld så langt ho høver for munnlege og praktiske eksamenar.

§ 7-8 Bachelor- og masteroppgåver
(1) Fakultetet kan vedta utfyllande reglar om planlegging, rettleiing, og innlevering av bachelor- og masteroppgåver.

(2) Studenten skal ha rettleiingskontrakt for masteroppgåva som fastset rettleiar og talet rettleiingstimar hen har rett på.

§ 7-9 Eksamen i nedlagte emne
(1) Når eit emne er lagt ned skal det om naudsynt haldast eksamen dei to påfølgande semestera for studentar utan teljande resultat.

(2) Fakultetet kan vedta andre ordningar så framt dei er minst like gode for studentane.

Kapittel 8. Eksamensforsøk

§ 8-1 Talet på forsøk
(1) Studentar har tre eksamensforsøk i kvart emne. Avgrensinga gjeld sjølv om emnet har skifta namn eller emnekode, og sjølv om studenten har fått nytt opptak.

(2) Bachelor- og masteroppgåver utan teljande resultat kan leverast på nytt éin gong. Fakultetet kan vedta andre reglar. Bachelor- og masteroppgåver med teljande resultat kan ikkje leverast på nytt.

(3) Fakultetet kan
a) i utfyllande reglar vedta unntak frå hovudregelen om tre forsøk for studentar som allereie har teljande resultat i emnet.
b) gjere unntak i einskildtilfelle etter søknad frå studenten

§ 8-2 Teljande forsøk
(1) Studenten bruker eit eksamensforsøk dersom hen
a) leverer til eksamen, uavhengig av om resultatet blir teljande
b) avbryt eksamen
c) ikkje møter til eksamen
d) trekker seg etter fristen
e) fuskar eller forsøker å fuske

(2) Gyldig fråvær tel ikkje som eksamensforsøk, jf. § 5-6.

(3) Fakultetet kan i utfyllande reglar vedta at det skal vere høve til å trekke

eksamensmelding, og fristen som gjeld.

§ 8-3 Avbroten eksamen
(1) Eksamen er avbroten dersom den er starta, og arbeidet ikkje vert levert innanfor fristen. Det same gjeld dersom eksamenen består av fleire delar og studenten ikkje leverer, møter opp, eller liknande på éin eller fleire av dei.

(2) Eit eksamensarbeid som ikkje held seg innanfor ein ordgrense eller andre formelle krav fastsett i emneskildringa blir rekna som ikkje levert.

(3) Ved saleksamen startar eksamenen når oppgåva er levert ut. Ved førehandskontroll av hjelpemidlar startar likevel eksamenen alt samstundes med kontrollen.

(4) Ved heimeeksamen startar eksamenen når oppgåva er tilgjengeleg for studentane.

(5) Ved mappevurderingar startar eksamenen når den første oppgåva er tilgjengeleg for studentane.

(6) For andre eksamensformer startar eksamen på det tidspunkt som er bestemt i emneskildringa eller i studieplanen.

§ 8-4 Kontinuasjonseksamen
Når det blir haldt kontinuasjonseksamen for studentar med gyldig fråvær, kan alle studentar utan teljande resultat melde seg til eksamen, med dei avgrensingane som gjeld etter § 7-3 og føresegnene i kapitelet her.

Kapittel 9. Sensur og vurderingsuttrykk

§ 9-1 Generelt om sensur
(1) Fakultetet skal sørge for at studentane vert vurdert på ein upartisk og fagleg trygg måte. Målestokken for sensuren er læringsmåla for emnet, slik dei er fastsett i læringsutbyteskildringa.

(2) Sensuren blir kunngjort på Studentweb. Kunngjeringa skal informere om retten til å få grunngiving og til å klage, jf. universitets- og høgskulelova §§ 5-2 og 5-3, og fristane som gjeld.

(3) Fakultetet skal sørge for at det vert laga sensorrettleiing for alle eksamenar. Ho blir utforma på det språket emneansvarleg vel.

(4) Studenten har rett til å gjere seg kjent med sensorrettleiinga, og til å få grunngiving for karakterfastsettinga jf. universitets- og høgskulelova § 5-3. Retten til grunngiving gjeld tilsvarande for klagesensur.

(5) Sensuren skal vere anonym så langt det er fagleg og praktisk mogleg.

(6) Leverte eksamensløysingar skal sensurerast.

(7) Studenten kan klage på karakterfastsettinga på den vanlege sensuren, dersom arbeidet lar seg etterprøve. Ved klage skal det gjerast ny sensur («klagesensur»). Klageretten og

klagesensuren er individuell, også ved gruppearbeid.

(8) Studenten kan klage på formelle feil ved alle eksamenar.

§ 9-2 Vurderingsuttrykka
(1) Sensuren får uttrykk anten ved ugradert vurderingsuttrykk (bestått/ikkje bestått) eller gradert vurderingsuttrykk (A-F).

(2) Teljande resultat med ugradert vurderingsuttrykk vil seie at studenten har nådd læringsmåla, slik desse er fastsett i læringsutbyteskildringa.

(3) Ei ugradert vurdering blir markert med «bestått» eller «ikkje bestått». På bokmål «bestått» og «ikke bestått», og engelsk «pass» og «fail».

(4) Teljande resultat etter gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med karakterane A til E. Ikkje godkjent blir uttrykt med bokstaven F. Nemning og vurderingskriterier følger Universitets- og høgskulerådet sine kvalitative skildringar.

A. Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Kandidaten syner særs god vurderingsevne og stor av grad av sjølvstende.
B. Mykje god prestasjon. Kandidaten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
C. Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Kandidaten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D. Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Kandidaten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E. Prestasjonen tilfredsstiller minimumskrava, men heller ikkje meir. Kandidaten syner lita vurderingsevne og lite sjølvstende
F. Prestasjon som ikkje tilfredsstiller dei faglege minimumskrava. Kandidaten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

§ 9-3 Karakterfastsetjing ved eksamen som har fleire delar
Ved deleksamen tar ein utgangspunkt i talverdiane A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. For kvar delkarakterar blir talet multiplisert med vektinga, og produktet avrunda til ein desimal. Dei ulike produkta blir så summerte og summen avrunda etter vanlege reglar.

§ 9-4 Gjennomsnittskarakter
Når universitetet knyt rettsverknader til gjennomsnittskarakterar tar ein utgangspunkt i talverdiane A=5, B=4, C=3, D=2, E=1. For kvar karakter blir talet multiplisert med talet på studiepoeng, og produktet avrunda til ein desimal. Dei ulike produkta blir så summerte og delt på det samla talet på studiepoeng, før summen blir avrunda etter vanlege reglar. Emne med ugradert vurderingsuttrykk skal ikkje teljast med.

§ 9-5 Sensurfristar
(1) Vanleg sensurfrist er første kvardag tre veker etter vurderinga blei avslutta, i samsvar med universitets- og høgskulelova § 3-9 (4).

(2) Dersom sensurfristen er eller blir forlenga etter avgjersle i universitetsstyret, eller forseinka i strid med sensurfristen, skal studenten få melding om dette.

(3) Klagesensur skal handsamast utan ugrunna opphald. På emne med mange studentar og mange sensurklagar har fakultetet høve til å vente med å sende eksamensløysingane til

klagesensorane til klagefristen har gått ut for å sikre lik handsaming av klagane. Klage på formelle feil som kan få følgjer for fleire eller alle sensurklagane kan etter forholda bli rekna som grunna opphald.

§ 9-5 Frist for å be om grunngiving
(1) Fristen for å be om grunngiving for sensuren er éi veke etter kunngjeringa. Fakultetet kan avgjere om grunngivinga skal vere skriftleg eller munnleg, og vedta ordningar for dette.

(2) For munnlege og praktiske vurderingsformer må studenten be om grunngiving straks vurderinga er avslutta.

§ 9-6 Klagefristar
(1) Fristen for å klage på sensuren er tre veker frå kunngjeringa. Det same gjeld klage på formelle feil ved eksamen. Dersom studenten har bedd om grunngiving for sensuren, startar klagefristen når grunngiving er gitt. Dersom studenten klagar på sensuren, startar fristen for å klage på formelle feil først etter at sensurklagen er ferdig handsama.

(2) Ved mappevurdering som består av delar som vurderast kvar for seg gjeld klageretten først når endeleg karakter er fastsett. Fakultetet kan gjere unntak i utfyllande reglar dersom studentane sin studieprogresjon elles vil kunne hindrast.

§ 9-7 Sensorane
(1) Fakultetet utnemner sensorar.

§ 9-8 Talet på sensorar
(1) I følgjande tilfelle krevst det minst to sensorar:
a) sensur av masterprosjekt, der minst ein av sensorane må vere ekstern.
b) klagesensur, der minst ein av sensorane må vere ekstern
c) munnleg og praktisk vurdering dersom vurderinga utgjer helvta eller meir av sluttkarakteren, der minst ein av sensorane som regel skal vere eksterne.

(2) Fakultetet kan i utfyllande reglar setje eigne reglar for talet på sensorar, så lenge dei er strengare enn første avsnitt. Dersom det ikkje er ekstern sensor på munnleg eller praktisk vurdering, må vurderinga bli særleg godkjent av fakultetet basert på programsensor si evaluering av vurderingsordninga.

§ 9-9 Eksterne sensorar
Som ekstern sensor etter § 9-8 reknar ein den som ikkje er tilsett i hovudstilling eller bistilling ved UiB og som heller ikkje har deltatt i undervisninga på emnet det aktuelle semesteret.

§ 9-10 Særskilt om klagesensur
Ved klagesensur bør klagesensorane få ein revidert sensorrettleiing der den emneansvarlege gjer greie for erfaringane frå den opphavlege sensurrunden.

§ 9-11 Protokoll
All sensur skal protokollførast og sensuren skal bli godkjent av alle sensorane.

Kapittel 10. Grader

§ 10-1 Tildeling

(1) Universitetet tildeler dei gradene som går fram av Forskrift om grader og beskyttede titler.

(2) Grada er oppnådd når studenten oppfyller krava i den aktuelle studieplanen. Universitetet i Bergen tildeler ikkje grad dersom færre enn 60 studiepoeng av grunnlaget er avlagt her. For fellesgrader kan kravet vere lægre.

§ 10-2 Godkjenning
(1) Fakultetet skal godkjenne tidlegare utdanning for studentar som er tatt opp på studieprogram, i samsvar med universitets- og høgskulelova §§ 3-5 flg.

(2) Det humanistiske fakultetet godkjenner examen philosophicum.

(3) Fakultetet kan krevje førehandsgodkjenning, gyldig Online learning agreement, eller liknande for utvekslingsopphald som skal inngå i grad.

§ 10-3 Gjenbruk av studiepoeng i ny grad
Dersom delar av grunnlaget for ei grad allereie inngår i tildelt grad, krevst det

a) for bachelorgrader minst 90 nye studiepoeng med eit nytt fagleg tyngdepunkt.
b) for integrerte mastergrader minst 90 nye studiepoeng, inkludert ei ny masteroppgåve
c) for andre mastergrader minst nye 60 studiepoeng, inkludert ei ny masteroppgåve

§ 10-4 Minstekrav til bachelorgrad
(1) Bachelorgrada blir tildelt på grunnlag av treårige studieprogram (180 studiepoeng), med desse minstekrava:

a) examen philosophicum, 10 studiepoeng
b) fordjupings- og spesialiseringsemne, minst 90 studiepoeng
c) sjølvstendig arbeid, minst 10 studiepoeng. Kravet til sjølvstende er ikkje til hinder for at fakultetet kan fastsetje i emneskildringa at to eller fleire studentar kan eller skal samarbeide om eit bachelorprosjekt.

(2) Bachelorgrader i utøvande og skapande kunst, musikk og design er på 180 eller 240 studiepoeng. Dei blir tildelt på grunnlag av samansetjing vedtatt av fakultetet for kunst, musikk og design.

§ 10-5 Samansetjing mastergrad
(1) Universitetet i Bergen gir mastergrader med den normerte studietida som går fram i forskrift om grader og beskyttede titler § 3 nr. 5 til 7. Samansetjinga skal vere i samsvar med Forskrift om krav til mastergrad §§ 3 til 7.

(2) Graden master kan berre tildelast studentar som har fullført eit masterprosjekt.

(3) Masterprosjektet skal vere eit sjølvstendig vitskapleg eller kunstnarisk arbeid på mellom 30 og 60 studiepoeng, utarbeidd under rettleiing. Fakultetet kan i emneskildringa vedta at to eller fleire studentar kan samarbeide om masterprosjektet.

(4) Integrerte masterprogram skal ha krav om examen philosophicum. Masterprosjektet i eit integrert masterprogram kan vere på 20 studiepoeng, jf. Forskrift om krav til mastergrad § 6 (2).

§ 10-6 Gradene cand.med. og cand.psychol.
(1) Det medisinske fakultet tildeler graden candidata/candidatus medicinae (cand.med.) på

grunnlag av studium normert tid seks år og med omfang på 360 studiepoeng.

(2) Det psykologiske fakultet tildeler graden candidata/candidatus psychologiae (cand.psychol.) på grunnlag av studieprogram med normert tid seks år og med omfang på 360 studiepoeng.

(3) Gradene etter denne føresegna skal inkludere examen philosophicum.

Kapittel 11. Gradsnamn

§ 11-1 Tillegg i namn for bachelorgrader
(1) Bachelorgrader får normalt namnet «Bachelor i [studieprogram]», engelsk «Bachelor of [programme name]».
(2) Bachelorgrader oppnådde på det matematisk-naturvitskaplege fakultetet får normalt namnet «Bachelor i naturvitskap», engelsk «Bachelor of Science».

(3) Tillegg i namnet til fellesgrader skal gå fram i studieplanen.

§ 11-2 Tillegg i namn for mastergrader
(1) Mastergrader får normalt namnet «Master i [studieprogram]»

(2) Mastergrader normert til to år på det medisinske fakultetet får namnet
«Master i [fagområde – namn på fag]», engelsk
«Master of Science in [discipline – subject].

(3) Mastergrader på grunnlag av integrert lektorutdanning får namnet
«Master i [namn på fag] med integrert praktisk-pedagogisk utdanning», engelsk:

«Master of Philosophy and Education. [Subject]», dersom det faglege tyngdepunktet er kultur- og samfunnsfag.

«Master of Science and Education. [Subject]», dersom det faglege tyngdepunktet er matematisk-naturvitskapleg.

(4) Mastergrader med matematisk-naturvitskapleg eller teknisk fagleg tyngdepunkt får normalt det engelske namnet «Master of Science in [programme name]».

(5) Fakultetet kan i studieplanen vedta at sivilingeniørutdanningar ha tillegget «sivilingeniør», og også om eventuelle studieretningar skal gå fram i namnet.

(6) Mastergrader med fagleg tyngdepunkt i kultur- og samfunnsfag får normalt det engelske namnet «Master of Philosophy in [programme name].

(7) Følgande grader har særskilde engelsk namn:
a) Master i rettsvitskap: «Master in Law»
b) Master i farmasi: «Master of Pharmacy»
c) Master i odontologi: «Master of Dentistry»
d) Mastergrader frå fakultet for kunst, musikk og design: «Master of/in [programme name]», alternativt «MA Fine Arts» eller «MA Design», dersom slikt namn er vedtatt i studieplanen.

e) Erfaringsbaserte mastergrader: «Master of Arts in [programme name]»

(8) Fakultetet avgjer i studieplanen om engelskspråklege studieprogram berre skal ha engelsk namn.

(9) Namn på fellesgrader og grader oppretta etter § 11-3 (3) bokstav d, inkludert omsetjingar, skal gå fram av eige vedtak.

Kapittel 12. Vitnemål mv.

§ 12-1 Vitnemål
(1) Fakultetet sjølv skapar vitnemålet når grada er oppnådd, det vil seie når krava i studieplanen er oppfylte og karakterane er endelege.

(2) Vitnemålet blir gjort tilgjengeleg for studenten digitalt. Studenten kan éin gong få vitnemål på papir, etter grunngitt søknad.

(3) Vitnemålet skal utformast på nynorsk eller bokmål, eller på engelsk for engelskspråklege studieprogram.

§ 12-2 Utforminga av vitnemålet
(1) Vitnemålet skal innehalde
a) personalia
b) generell informasjon om studieprogrammet: Læringsutbyteskildring, innhald, organisering og målsetjing
c) namna, emnekodane, talet studiepoeng, karakter og karakterfordeling, og når teljande resultat vart oppnådd for alle emna som er grunnlag for grada.
d) eventuelle delar som er godkjente frå andre institusjonar, jf. § 10-1
e) skildring av karaktersystemet
f) Diploma Supplement, i tråd med retningslinjer frå NOKUT

(2) Vitnemålet skal elles utformast i tråd med Universitetsstyret sine retningslinjer.

§ 12-3 Karakterutskrift
(1) Alle som har oppnådd teljande resultat i eit emne ved universitetet, kan be om karakterutskrift på nynorsk, bokmål eller engelsk.

(2) Karakterutskrifta skal innehalde anten alle emne personen har teljande resultat for ved universitetet, eller alle emne i eit einskild studieprogram.

(3) Karakterutskrifta skal innehalde
a) personalia
b) namna, emnekodane, talet studiepoeng, karakter og karakterfordeling, og tidspunktet det teljande resultatet vart oppnådd.
c) skildring av karaktersystemet

(4) Karakterutskrifta blir gitt elektronisk. Personar med dokumentert behov for karakterutskrift på papir skal få det.

§ 12-4 Autorisasjon av helsepersonell

Universitetet gir melding til Helsedirektoratet om oppnådde grader innanfor aktuelle helsefag.

Kapittel 13. Ikraftsetjing

§ 13-1 Ikraftsetjing
Forskrifta trer i kraft [dato]. Frå same tidspunkt opphevast Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen frå 16. februar 2012 nr. 872.